


Vedlegg til tilvising til Barne-, ungdoms- og familieetaten

BEHANDLINGSINSTITUSJON

for ungdom med alvorlege åtferdsvanskar og/eller vedvarande rusmisbruk



Bufdir

Beskriving og vurdering



2

Beskrivingar, vurderingar og grunngevingar frå barneverntenesta

Kommunen har det avgjerande ordet når det gjeld kva type tiltak (institusjon eller fosterheim) barnet treng, medan Bufetat avgjer kva for institusjonsplass det skal gjevast tilbod om i kvar enkelt sak der det er bedt om institusjonsplass. Bufetat har eit sjølvstendig ansvar for å gje eit forsvarleg tilbod om institusjonsplass. Vurderinga byggjer på utredninga til og dei faglege vurderingane frå barneverntenesta og på synspunkta barnet har.

Informasjonen frå denne tilvisinga og eventuelle utfyllande vedlegg vil verte nytta for å gjere ei målgruppevurdering av barnet ved hjelp av ei helskapeleg klinisk vurdering og bruk av det standardiserte kartleggingsverktøyet YLS/CMI.

Alle spørsmål merkte med stjerne* inngår i målgruppevurderinga og skal svarast på. Les nøye kva for informasjon desse spørsmåla bed om. Desse spørsmåla skal svarast på med utgangspunkt i det siste året, om ikkje anna er oppgjeve.

Spørsmåla som ikkje er merkte med stjerne* under kvart tema, er andre sentrale hjelpespørsmål til vurderinga frå barneverntenesta. Dei dannar grunnlag for å velje rett institusjonsplass for barnet.

Dersom barneverntenesta ikkje har informasjonen det vert spurt etter, eller om spørsmåla ikkje er relevante for det aktuelle barnet, så skriv dette.

2.1 Bakgrunnsinformasjon om barnet

Inkluder opplysningar frå bakover i tid utover det siste året.

- Beskriv kort omsorga barnet har fått fram til no.
- Korleis er den aktuelle omsorgssituasjonen for barnet?*
- Beskriv kva for eventuelle potensielt traumatiske opplevingar, flyttingar og relasjonsbrot barnet har vore utsett for. Potensielt traumatiske opplevingar inkluderer, men er ikkje avgrensa til, fysiske, psykiske og/eller seksuelle overgrep.*
- Beskriv kort problemutviklinga til barnet.*

Beskriving og vurdering

Held fram på neste side

Beskriving og vurdering

2.2 Bakgrunnsinformasjon om barnevernssaka

- Beskriv kort og kronologisk tidlegare barneverntiltak og vurderingar av desse. Inkluder spesielt informasjon om:

- Har familieråd vore vurdert eller gjennomført?
- Har MST vore vurdert eller gjennomført?
- Dersom MST har vore gjennomført, når var dette?

- Beskriv eventuelle konklusjonar frå undersøkingar/kartleggingar/utgreiingar som er relevante for val av institusjonstiltak.

- Dersom heimebaserte tiltak ikkje er forsøkte før institusjonsplassering, kva er grunngjevinga for dette?

Beskriving og vurdering

2.3 Beskrivingar, vurderingar og grunngevingar frå barneverntenesta ved val av institusjon

- Kva for målsetting har barneverntenesta for institusjonsopphaldet?
- Kva for vurderingar har barneverntenesta gjort om kva som bør leggast vekt på ved val av institusjonstiltak? Grunnjev vurderingane.
- Kva plan for barnet har barneverntenesta etter at institusjonsopphaldet er avslutta?
- Korleis vurderer og vektlegg barneverntenesta synspunkta til barnet / foreldra / dei føresette?

Beskrivelse og vurdering

2.4 Omsorg og ressursar i familien, slekta og nettverket til barnet

Spørsmåla merkte med stjerne* skal svarast på med utgangspunkt i det siste året.

- Korleis er slekta og nettverket til barnet kartlagde?
- Kva for styrkar og ressursar finst i familiesystemet?*
- Kven kan vere ein ressurs for barnet under og etter opphaldet?*
- Har barnet og foreldra vorte informerte om familieråd?
- Korleis vurderer kommunen nytta av familieråd for dette barnet?
- I kor stor grad har foreldra/ omsorgspersonane vore i stand til å føre tilsyn med barnet? Dette inneber oversikt over kven barnet er saman med og kva han/ho nyttar tida si på.*
- I kor stor grad har foreldra/ omsorgspersonane klart å kontrollere åtferda til barnet?*
- Kva slags oppdragarstil har foreldra/omsorgspersonane utøvd? Har han vore føreseieleg eller uføreseieleg? Har han vore autoritær eller ettergjevande? I så fall, i kva grad? Gje eksempel.*
- Korleis er relasjonen barnet har til foreldra/ omsorgspersonane?*

Beskrivelse og vurdering

Dokumenter som kan gi ytterligere informasjon:

2.5 Korleis barnet fungerer i skule/dagtilbod

Spørsmåla merkte med stjerne* skal svarast på med utgangspunkt i det siste året eller sist gong barnet hadde ordinært skule-/dagtilbod som varte over minst 3 månader.

- Gjer greie for skuleforløp/ dagtilbod frå barneskulen og fram til situasjonen i dag.
- Korleis opplever barnet sin eigen skulesituasjon?
- Har barnet lærevanskar? Beskriv i så fall korleis dette pregar barnet i kvardagen.*
- Har barnet fram til no hatt særskilt tilrettelegging i skulen? Har tilrettelegginga i så fall vore vellukka? Legg eventuelt ved relevant dokumentasjon frå BUP/PPT/ skule som utdjupar dette.*
- Har barnet prestert etter det ein kan vente ut frå evnene? Har det vore vurderingsgrunnlag i alle fag?*
- Korleis er relasjonen barnet har til medelevar og lærarar, eventuelt kollegaer/ arbeidsgjevar?*
- Har barnet hatt ugyldig fråvær? Beskriv eventuelt omfang.*
- Har barnet vist forstyrrende åtferd i skulesamanheng? Har han/ho til dømes forstyrra undervisninga, gjort hærverk, stole eller vore utagerande?*
- Viss barnet er eller har vore utan dagtilbod, har han/ho vore engasjert i å finne nytt skuletilbod eller jobb? Beskriv korleis han/ho eventuelt fungerer i jobb.*
- Kva for spesifikke styrker har barnet i måten han/ho fungerer i skule/dagtilbod på?*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.6 Venene til barnet

Spørsmåla merkte med stjerne* skal svarast på med utgangspunkt i det siste året.

- Beskriv kva for relasjon barnet har til vener, styrkar og veikskapar i venerelasjonane/venemiljøet og kor mykje tid barnet nyttar med ulike typar vener.*
- Har barnet positive vener eller kjenningar (vener/ kjenningar som følgjer opp skule-/dagtilbod, og som held reglar)?*
- Har barnet vener eller kjente som er involvert i rusmisbruk eller annan kriminalitet?*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.7 Interessene og fritida til barnet

Spørsmåla merkte med stjerne* skal svarast på med utgangspunkt i det siste året.

- Kva for interesser eller hobbyar har barnet?
- Kva gjer barnet i fritida si?
Er barnet med på organisert aktivitet? Har barnet positive interesser, og i kor stor grad vert dei utøvde no?*
- I kor stor grad driv barnet med lite konstruktive aktivitetar, til dømes er passiv, keiar seg eller driv med aktivitetar som hindrar positiv utvikling og kontakt med positive barn på same alder?*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.8 Personlegdom/åtferd

Gi konkrete situasjonsbeskrivelser som eksempler.

Spørsmåla merkte med stjerne* skal svarast på med utgangspunkt i det siste året.

- Har barnet vore fysisk utagerande? Spesifiser om det i så fall har vore mot personar eller gjenstandar. Anslå kor ofte det skjer, i kva for situasjonar og på kva arenaer det skjer.*
- Er barnet ofte verbalt aggressiv gjennom bruk av fiendtleg språk og trugsmål?*
- Samanlikna med andre på same alder, kor godt handterer barnet frustrasjon utan å handle impulsivt eller uregulert?*
- Verkar det som at barnet har overlegen sjølvkjensle? Gje eksempel på om barnet hevar seg over andre, skryt av seg sjølv eller har ein sjølvtilitt som overstig prestasjonane. Er dette gjennomgåande?*
- Har barnet vanskar med konsentrasjon? Dette kan vere vanskar med å halde fokus, avslutte oppgåver han/ho byrjar på og ikkje vere hyperaktiv. Er trekka gjennomgåande i tid og på kryss av arenaer?*
- Er barnet diagnostisert med ADHD? Indiker i så fall om medikamentell behandling verkar å ha effekt på konsentrasjon og hyperaktivitet.*
- Korleis uttrykker barnet skuldkjensle, og korleis kommuniserer barnet rundt handlingar som har medført ulempe eller skade for andre? Tek han/ho ansvar og bed om orsaking, eller bortforklarer han/ho, legg skulda over på andre eller hevdar sin rett?*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.9 Tidlegare og noverande lovbrot

Inkluder opplysningar frå attende i tid utover det siste året.

- Har barnet vore involvert i kriminalitet? I så fall, kva slags type? Når har episodane skjedd, og omtrent kor mange er det? Ta òg med lovbrot eller høve som ikkje har ført til melding til politiet eller dom, og skriv om barnet har erkjent saka.*
- Kva for straffereaksjonar har barnet eventuelt fått og når? Ta med bøter, samfunnsstraff, fengsel på vilkår og fengselsstraff. Ta òg med frivillig/pålagd oppfølging frå konfliktrådet, kriminalomsorga, politiet og liknande.*
- Har barnet brote pålagd avtale frå offentleg myndigheit, som ruskontrakt eller ungdomsstraff? Har barnet tidlegare rømt frå institusjonsopphald?*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.10 Misbruk av rusmiddel

Svar på spørsmåla med hovudvekt på informasjon frå det siste året.

- Kva for rusmiddel, inkludert alkohol, har han/ho prøvd? Når oppstod mistanke om eller kjennskap til bruk av dei ulike rusmidla, og omtrent kor ofte nyttar barnet rusmiddel? Kva type informasjon baserer anslaget seg på?*
- Rusar barnet seg åleine og/ eller saman med andre? Har barnet eller andre sagt noko om kva som gjer at rusmisbruket held fram, som press frå vener, spenning eller regulering av kjensler?*
- Vert rusmisbruket sett på som å ha forstyrrende inngrep i livet til barnet? Dette gjeld mellom anna fysisk/psykisk helse, evne til å følge opp skule/dagtilbod, endringar i venemiljø eller relasjon til foreldre.*
- Er det kjennskap til abstinensar, toleranseutvikling og/eller avhengigheit?*
- Er sambandet barnet har til rusmiddel, knytt til kriminalitet ut over bruken i seg sjølv? Dette inkluderer mellom anna sal, lovbrøt for å finansiere misbruk eller lovbrøt gjennomført under ruspåverknad.*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.11 Haldningar og orienteringar barnet har

Svar på spørsmåla med hovudvekt på informasjon frå det siste året.

- Beskriv kva ein veit om haldningane barnet har til rusmisbruk, kriminalitet og anna framferd som bryt reglar. Har barnet uttrykt dette eller signalisert det på anna vis?*
- Har barnet gjennomgåande trassa reglar eller beskjedar frå autoritetar som foreldre, lærarar eller politiet? Beskriv frå ulike livsarenaer som heim, dagtilbod, fritidsaktivitetar og det offentlege rom.*
- Kva tenkjer barnet om å ta imot hjelp for åtferdsproblematikken sin? Har han/ho ynskja og bedt om hjelp for dette? Ser barnet behov for slik oppfølging? Har han/ho aktivt gått inn for å avvise hjelp som andre har tilbydd?*
- Syner barnet omtanke for kjenslene til andre og korleis andre har det? Beskriv gjerne generell framferd og eventuelle spesifikke situasjonar som er relevante.*

Beskriving og vurdering

Dokument som kan gje meir informasjon:

2.12 Helse til barnet og eventuelle funksjonsnedsetjingar barnet har

Inkluder opplysningar frå attende i tid utover det siste året.

- Korleis vurderer barnet si eiga fysiske og psykiske helse?
- Beskriv kjende tilhøve knytt til fysisk helse.*
- Beskriv den psykiske helse til barnet. Psykiske vanskar som vert beskrivne, treng ikkje vere knytt til ein diagnose, men vurderingane rundt eventuelle psykiske vanskar skal vere tydeleg beskrivne og grunnjevne.*
- Har barnet forseinka kognitiv utvikling eller kognitive vanskar? Beskriv i så fall korleis dette pregar barnet i kvardagen.*
- Har barnet nokre diagnosar som krev tilpassing eller oppfølging?
- Konkretiser behovet for tilrettelegging og oppfølging av eventuelle funksjonsnedsettingar eller fysisk/psykisk helse.
- Har det vore sjølvskading eller trugsmål om eller forsøk på å ta eige liv?*
- Er det mistanke om eller kjennskap til symptom på psykose? Informer om eventuell utgreiingar/ vurdering.*

Beskriving og vurdering

2.13 Informasjon om andre tilhøve

Tilleggsspørsmåla under er om andre tilhøve som kan ha betydning for val av institusjonstiltak og tilrettelegging av behandlinga. Gje ei kort beskriving dersom nokre av punkta under er relevante.

- Syner barnet upassande seksuell oppførsel?*
- Uttrykkjer barnet diskriminerande haldningar når det gjeld rase, etnisitet eller liknande?*
- Er barnet utsett for trugsmål på grunn av gjeld eller anna?*
- Har det vore episodar med eldspåsetjing?*
- Har barnet eit anna morsmål enn norsk? Beskriv i så fall korleis han/ho forstår norske omgrep og eventuelle avgrensingar.*
- Er det andre tilhøve ved barnet som kan vere av betydning for plasseringa?*
- Er det andre tilhøve ved familien eller korleis familien fungerer som har noko å seie for livet til barnet? Dette kan vere tilhøve som økonomisk situasjon, bustadsituasjon, psykiske problem, konflikhtar mellom foreldra og religiøse tilhøve.*
- Har foreldra historie med rusmisbruk?*
- Er det tilhøve som vil vere viktige for samarbeidet med forelda til barnet?*
- Beskriv styrkar som ikkje alt er formidla. Dette kan vere korleis barnet er som person, dugleikar han/ho har, eller personar eller system i livet til barnet som påverkar han/ho positivt.*

Beskriving og vurdering